

Alver kommune  
Teknisk forvaltning og drift  
v/Arne Helgesen  
Postboks 4  
5906 Frekhaug

Vår referanse: 21065-B02\_2  
Bergen, 20.04.2022

**VESTBO BBL – COOP NORGE EIENDOM AS.  
KNARVIK. KVASSNESVEGEN 27. BUSTAD-/NÆRINGSBYGG.  
GNR. 188 BNR. 810 M.FL.  
SØKNAD OM GODKJENNING AV TEKNISKE PLANAR FOR VEG, VATN,  
AVLAUP OG OVERVATN. REVIDERTE PLANAR.**

Visar til Dykkar brev av 8. februar 2022 (snr. 22/91).

Som avtalt sendast reviderte veg- og VA-planar for prosjektet til godkjenning.

Endringar omfattar:

1. Veg

- a. Breidde på fortau langs veg SKV11 byggjast med lik breidde (4,0m), og langs varelevering til COOP. Snuplass for varelevering er mogleg på regulert vegareal
- b. Fortau på begge sider av vegkrysset Bruvegen/SKV11 er lagt inn i planane
- c. Støttemur i betong for veg SKV11 blir bygd mot barnehagens parkeringsplass (profil 25-55). På topp mur monterast vegrekkverk. Muren vil vere eit midlertidig tiltak fram til eigedomen Gnr./Bnr. 188/631 blir bygd ut etter områdeplanen.
- d. Støttemur byggjast i ende av veg SKV11 (pr. 95), mot veg/plass på naboeigedomar i aust (Gnr. 188 Bnr. 136 og 240). På topp mur monterast vegrekkverk.
- e. Ein avkøyring frå veg SKV11 til eksisterande parkeringsplass til barnehage på Bnr. 631. Dagens parkeringsplass blir utvida mot aust for å sikre areal til 12 biloppstillingsplassar. Denne løysingen vil gjere det mogleg å oppretthalde dagens parkeringsplass mens anleggsarbeidar vert utført i prosjektet. Det vil berre vere naudsynt å stenge parkeringsplassen i kort periode mens ny avkøyring vert bygd. Det er inngått avtale mellom utbyggjar og barnehage om bruk av parkeringsplassar i nytt garasjeanlegg i bygget.
- f. Renovasjonsplass for avfallscontainer til barnehage vert etablert sør for nytt fortau langs veg SKV11, ved vegkrysset mot Bruvegen. Tømming vil skje frå veg SKV11
- g. Dersom det skal monterast nye sluk på parkeringsplass vil dette krevje ein lengre stenging av parkering til barnehage. Løysingen må då godkjennast spesielt av grunneigar av Bnr. 631
- h. Varelevering for daglegvarebutikk er løyst i søraustre del av felt BS13. Lastebilar vil ikkje komme i konflikt med offentleg gangareal. Se vedlagt sporingsanalysar.

- i. Detaljteikningar av fortau langs nytt bygg, mot Bruvegen i vest og Kvassnesvegen i nord, vil bli ettersendt frå totalentreprenøren i tiltaket. Det same gjeld området mellom felt BS13 og BS14.
  - j. Alle sandfangskummer vert knyta til ny overvassleidning. Møbleringssone med vegetasjon og regnbed vil bli etablert i regulert gangareal og vil redusere areal med tette flatar. Det er nå prosjektert tre sandfangskummar for vegbanen (kum SF2-4) og ein sluk for fortausareal (SF1).
  - k. Overbygning i veg- og gangareal er endra som ønsket.
2. Vann- og avløp:
- a. DN280mm PE100 vassleidning vidareførast frå kum V3 (i ende av ny veg SKV11) og koplast til i eksisterande kum 13521 (EKS V1) på Gnr./Bnr. 188/136. Dimensjon på rørleidning vert redusert til DN180mm.
  - b. Ny hydrant (HY1) vert montert i gangareal langs Kvassnesvegen, nordaust for nytt bygg.
  - c. Alle sandfangskummer vert knyta til ny overvassleidning. 4 stk vegsluk (SF1-4) vert montert i veg SKV11.
  - d. Trase på overvassleidning til eksisterande DN1200mm er justert. Det same gjeld plassering av flytta oljeutskiljar på bnr. 669.
  - e. Detalj av fordrøyningsmagasin overvatn vil bli ettersendt frå totalentreprenør for bygget.

Spørsmål til søknaden kan rettes til Thor-Henrik Fredriksen på tlf. 55 59 82 60/918 49 162 eller e-post [thor-henrik@haugen-vva.no](mailto:thor-henrik@haugen-vva.no).

Vi vonar ei positiv sakshandsaming.

Med venleg helsing



Thor-Henrik Fredriksen

Vedlegg:

Teikningar i følgje teikningsliste

Teikn.nr. S01 – Springsanalyse varelevering (M=1:250)

S02 – Springsanalyse varelevering – byggetrinn 2 (M=1:250)

Kopi av brev og vedlegg:

Vestbo BBL v/Andreas Johnsen og Inge Josvanger

COOP Norge Eiendom AS v/Erik Nyborg og Roald Valestrand

SE Arkitektur AS v/Stig Eide og Lars Rente